

Deres ref.:

Vår ref.:
5174907_FS

Dato:
2017-09-04

Varsel om oppstart av planarbeid – Detaljreguleringsplan for delar av gnr 208, 209, 210, 216, 217 og 224 Fjelbergsambandet, Kvinnherad kommune, PlanID 1224 20170006

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vert det med dette varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur; Fjelbergsambandet i Kvinnherad kommune. Deler av planen er vurdert å vere konsekvensutgreiingspliktig etter «Forskrift om konsekvensutredninger». I samband med oppstart av planarbeidet vert også planprogram lagt ut til offentleg ettersyn. Forslag til planprogram syner kva som skal utgreiast, og kan lastast ned frå våre nettsider.

Forslagstiller og plankonsulent

Forslagstiller er Kvinnherad kommune. Norconsult er plankonsulent og vil stå for utarbeiding av planen.

Planstatus i området

Det ligg føre kommunedelplan for Fv 62 Fjelbergsambandet, denne vart vedteke av kommunestyret i Kvinnherad den 27.09.12. Planprogram for kommunedelplanen var fastsett i 2006, og forslag til plan var lagt fram i 2008.

Planprogram og konsekvensutgreiing

Tiltaket er i hovudsak i samsvar med vedteke kommunedelplan, bortsett ifrå kryssing av Sundnessund. I kommunedelplanen ligg det inne ei løysing med kabelferje for kryssing av Sundnessund, i reguleringsplanen vert det forslag om ei bruløsing i staden.

Ettersom ferjefri kryssing av Sundnessundet ikkje har vore utgreidd tidlegare skal det utarbeidast eit planprogram og konsekvensutgreiing som skal ligge til grunn for planarbeidet. Dette planprogrammet har som føremål å synleggjere tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet og kva konsekvensutgreiinger som må gjera for å klargjere moglege verknader tiltaket kan ha for omgjevnadane. Planprogrammet skal også presentere opplegg for informasjon, fristar og medverknad frå befolkning og interesserantar.

Formål med planen

Mål for arbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for Fjelbergsambandet i Kvinnherad kommune. Planen skal omfatte areal og løysingar for ny fylkesvegtrase for samband mellom Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy. Traseen skal følge vedteke kommunedelplan for tiltaket med tillegg/endring for bru-kryssing av Sundnessund, og skal følgje alternativ 2A, i vedteken kommunedelplan for Fjelbergsambandet (2012).

Omfang og utforming av tiltaket vert avklart i planarbeidet. Forslag til bruløysingar, vegline, fyllingsutslag, skjeringar, massedeponi og riggområde vil bli gjort greie for og illustrert i planforslaget som seinare vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Norconsult AS

Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen
Pb. 1199, NO-5811 Bergen
Tel: +47 55 37 55 00

Hovedkontor:
Vestfjordgaten 4, NO-1338 Sandvika
Pb. 626, NO-1303 Sandvika

NO 962392687 MVA
post.bergen@norconsult.no
www.norconsult.no

Om tiltaket

Tiltaket gjeld bru over Sundnessund, veg over Fjelbergøy, bru nord i Fjelbergsundet og veg fram til Brekke på Borgundøy. Vegen vil totalt vere ca 5,6 km lang, av dette har brukryssing av Sundnessund ei total leng på ca 630 meter og brukryssing av Fjelbergsund ca 270 meter. Vegen skal ha eit köyrefelt og møteplassar for kvar 250 meter. Total vegbreidde vil vere 4 meter med skulder, tilsvarande vegklasse A3.

Avgrensing av planområdet

Det vert varsle oppstart av eit planområde som er større enn det sjølve veggtiltaket vil ha trong for. Dette av di det kan bli naudsynt med justering av veglina nokre stader, og av di det kan vere trong for areal til massedeponi og rigg. Der bruene skal krysse er det tatt med eit større areal i varsel om oppstart, dette for eventuelt å kunne justere og vurdere ulike løysingar underveis i planarbeidet. Avgrensing av planområdet er vist på side 3 i dette varslingsbrevet.

Informasjon om planarbeidet

Forslag til planprogram vert sendt på høyring til offentleg mynde/interesseorganisasjonar som vert råka av planarbeidet. Planprogrammet vert og lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Kvinnherad kommune, på kommunen sin nettside www.kvinnherad.kommune.no/kunngjeringar og på Norconsult sine nettsider. Grunneigarar, innbyggjarar og andre som har interesse i saka får moglegheit til å påverke planprosessen gjennom innsending av innspel i høyringsperioden for planprogrammet. Høyringsfrist er 6 veker. Fastsett planprogram skal leggast til grunn for planarbeidet. Informasjon om planarbeidet finn ein på Norconsult sine nettsider <http://www.norconsult.no/aktuelt/kunngjoringer>. Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Norconsult ved Fritjof Stangnes, tlf. 55548334

Merknader

Eventuelle merknader til varsel om oppstart av planarbeidet kan ein sende skriftleg til Norconsult AS v/Fritjof Stangnes, Postboks 1199 Sentrum, 5811 Bergen, eller e-post fritjof.stangnes@norconsult.com før 15.oktober 2017.

Vidare handsaming

Det er ikkje naudsynt å sende merknader til Kvinnherad kommune. Merknadene vi tar imot vil følge saka og gå vidare ved handsaming av planen i kommunen. Alle innsendte merknader vert gjennomgått og kommentert i planen. Det vert ikkje sendt ut svar på merknadane. Komplett forslag til reguleringsplan vil bli lagt ut til offentleg ettersyn.

For Kvinnherad kommune

Med vennleg helsing

Norconsult AS

Fritjof Stangnes

(Sign.)

Vedlegg: Teikning som syner varslingsområde

